

Høyringsfråsegn til framlegg om utvida straffansvar for førebuing av terrorhandlingar m.m.

1. Innleiing

Vi viser til høyringsbrev frå Justisdepartementet datert 12.07.2012. Brevet er mellom anna sendt til Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen. Fakultetet har ikkje for vane å koma med egne høyringsfråsegner til lovsaker, og har heller ikkje gjort det i dette tilfellet. Men som fagpersonar innafor strafferett og straffeprosess har vi i dette tilfellet funne grunn til å koma med ei høyringsfråsegn på egne vegne. Vi meiner det er grunn til å reise fleire kritiske merknader til forslaga sine implikasjonar for den norske strafferetten som system og dette systemet sett i lys av norsk rettskultur. Av kapasitetsomsyn har vi likevel sett oss nøydde til å avgrensa merknaden til del I av framlegget, dvs. det som går på kriminalisering av førebuingshandlingar.

Før vi går nærare inn på merknadane til framlegget, nemner vi at professor Erling Johannes Husabø i samband med ein rapport til 22. juli-kommisjonen allereie grundig har kommentert det relativt tilsvarande lovforslaget frå PST.¹ Vi har difor valt å halda merknadene på eit forholdsvis generelt plan, og viser elles til Husabø si utgreiing og andre relevante tekstar av dei underteikna.

2. Karakteren av framlegget

Det er naturleg at ein i Noreg etter 22/7 2011 vurderer om det er behov for å forsterke vernet – inkludert det strafferettslege vernet - mot terrorhandlingar. Samstundes har ein allereie i norsk strafferett eit relativt utstrekt straffansvar på dette området og vide heimlar for hemmelege etterforskningsmetodar. Og desse spørsmåla har allereie vore grundig utgreidde, både i førearbeida til terrorreglane i 2002, ved tilføringa av § 147c i 2009 og ikkje minst ved førebuinga av straffelova av 2005, der ein både finn ei grundig drøfting av dei generelle spørsmåla om rekkevidda av førebuingsansvaret og av ulike reglar om førebuing av terrorhandlingar.² Tilsvarande har metodespørsmåla vorte grundig utgreidde i Metodekontrollutvalet si innstilling (NOU 2009:15). Vårt prinsipielle standpunkt er at desse spørsmål bør bli diskutert i den breiare samanhengen, heller enn å bli gjenstand for partikulære drøftingar slik som her. Det er problematisk å prøve på å løyse så viktige spørsmål som dei aktuelle på ein måte som i høg grad fristiller seg frå tidlegare meir generelle og prinsipielt orienterte utgreiingar. Ein må spørja seg kva som er grunnen til at ein så snart synest å ville flytte seg markert bort frå dei prinsipielle føringane som er lagt i tidlegare og meir generell utgreiingar av grensene for kriminalisering og politiets metodebruk.

Det er også vanskeleg å sjå gode grunnar for at departementet har vald denne forma for høyring basert i så stor grad på eit innspel frå PST. Departementet seier eksplisitt på s. 6 at departementet ikkje har teke stilling til framlegga. Same kva som er det reelle tilfellet, så er det ikkje eigna til å

¹ Sjå Erling Johannes Husabø: *Grenser for kriminalisering av førebuingshandlingar og bruk av skjulte tvangsmidlar mot terrorisme i ein demokratisk rettsstat*, Rapport til 22. juli-kommisjonen (20.03.12).

² Jf NOU 2002:4 s. 90-98, Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) s. 101-105 og Ot. prp. Nr. 8 (2007-2008) kap. 9.

skape tillit at desse framlegga i så stor og ukritisk grad baserer seg på eit brev frå eit forvaltningsorgan med særlege interesser i utvida kriminalisering. Vi nemner i denne samanhengen også at framlegget frå PST er delvis hemmeleghalde («sladda») og dermed ikkje fullt tilgjengeleg for høyringsinstansane. Vi nemner også at den kritikken som 22. juli-kommisjonen retta mot ulike greiner av politiet, medrekna PST, går på organisatoriske forhold m v og ikkje gjev grunnlag for å argumentere i retning av eit slikt utvida strafferettsleg førebuingansvar som høyringsnotatet legg opp til.

3. Manglande dokumentasjon eller sannsynleggjering av effekten av utvida kriminalisering

Utgangspunktet vårt er at straff er eit alvorleg verkemiddel som berre skal verte nytta om det er naudsynt og velgrunna.³ Ny-kriminalisering føreset at det framstår som klart at kriminaliseringa er føremålstenleg, enten gjennom ytterlegare preventiv effekt eller alternativt at kriminaliseringa kommuniserer kjerneverdier i samfunnet som ikkje tidlegare har vore strafferettsleg sikra. Symbolpolitisk lovgjeving for å imøtekomme eit (i og for seg forståeleg) forsterka ønske om vern mot terrorhandlingar er derimot ikkje tilstrekkeleg. Når strafferetten allereie tydeleg kommuniserer alvoret i terrorhandlingar, bør det liggje føre grunnar som gjer at ein kan forvente seg at kriminaliseringa vil verke med til å forhindre framtidige terroråtak ut over det vernet som ligg i den eksisterande kriminaliseringa og andre tiltak. Det er igjen grunn til å understreke at 22. juli-kommisjonen i liten grad fann det naudsynt å føreslå endringar i området for det strafferettslege som konsekvens av 22. juli. Sjølv om det i media har kome signal om at terrorfaren i dag vert vurdert som å vere større enn tidlegare, er det ikkje offentleg kjent at trusselbiletet har endra seg markant i etterkant av 22. juli.

Ein bør i alle tilfelle kunne forvente at departementet drøftar og gjer sannsynleg at forslaga vil ha ein merkbar effekt i kampen mot terrorismen. Elles risikerer ein at den eine utvidinga av straffeansvaret vert avløyst av den andre, ut frå ei ugrunna førestilling om at det alltid er råd å gjera meir gjennom kriminalisering – noko som òg kan medføre at andre meir effektive tiltak ikkje får tilstrekkeleg fokus. Det skal her òg verte lagt til at strafferettssystemet har avgrensa ressursar. Nykriminaliseringar bør difor verte vurderte i relasjon til kva dei kan medføre med tanke på ytterlegare krav til dei styresmaktene som skal førebyggje, etterforske og påtale straffbare handlingar. Resultatet av nykriminaliseringa kan verte at desse institusjonane må gjere om- og nedprioriteringar på andre område, ettersom terrorproblematikken generelt krev stor merksemd. Det at kriminalisering kan medføre ei slik om- eller nedprioritering på andre område, understrekar kor viktig det er at ein kan forvente seg at nykriminaliseringa i seg sjølv vil få ein effekt. Elles vil det totale resultatet av nykriminalisering vere negativt for strafferettssystemet si måloppnåing som heilskap. Vi kan ikkje sjå at departementet har gjort noko forsøk på å gå inn i ei kritisk drøfting av om forslaga vil kunna ha nokon terrorhemmande effekt.

Sentralt i resonnementet verkar behovet for etterforsknings- og tvangsverkemiddel å stå. På generelt grunnlag meiner vi at dette ikkje er ein relevant kriminaliseringsgrunn. Det undergrev legitimiteten til straffeboda dersom lovgivar ikkje kan grunngi på sjølvstendig grunnlag kvifor

³ Slik også Straffelovkommisjonen i NOU 2002:4 kap. 4 og Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) kap. 7.

bestemte handlingar bør vera straffbare, dvs. ikkje lenger liggje innafør den allmenne handlefridomen, men brukar straffelova som ei skinnlegitimering for utvida offentleg overvaking og kontroll. Slik strafferetten har utvikla seg, har det vorte ein kompleks relasjon og samspel mellom strafferetten, straffeprosessretten og politiretten. Dette temaet burde vorte underkasta ei meir prinsipiell og grundig undersøking enn det denne forma for lovgjevingsprosedyre tillet. Behovet for ny-kriminalisering, og for vidare etterforsknings- og tvangsverkemiddel, burde med andre ord vorte underkasta ei undersøking av strafferettssystemet sett i sin heile samanheng – og av moglegheitene for å oppnå ønska mål innafør strafferettens eksisterande rammer. Òg desse synspunkta tilseier at PST sine framlegg burde vorte vore underkasta ei betre utgreiing enn det som er tilfelle her (jf. avslutningsvis).

4. *Ukritisk import av britisk strafferett*

Relatert til det føregåande vil vi også peika på at dei føreslåtte endringane i stor grad er inspirert av britisk strafferett, utan at denne forma for import av strafferettslege løysingar er nærare diskutert. Det er problematisk av fleire grunnar. Heilt grunnleggande er det at den britiske strafferetten er av ein klart anna karakter enn den norske og nordiske, som både historisk og innhaldsmessig har større slektskap med den kontinentale strafferetten. Den britiske strafferetten er langt meir open for løysingar med til dømes objektivt straffansvar og bevisløyningar som er til den tiltalte si ulempe. Denne diskrepansen mellom rettstradisjonane og det faktum at løysingane ikkje utan vidare passar inn i den norske strafferetten gjer det særleg viktig at import over landegrensene av strafferettslege løysingar vert nærare undersøkt og diskutert. I denne samanhengen er det heller ikkje uviktig at engelsk lovgjeving mot terrorisme har hatt og tildels enno står i eit problematisk forhold til menneskerettane.⁴ Det er òg viktig å ta med at trusselbiletet i England er av ein anna karakter enn tilfelle er i Noreg, noko som gjer at løysingar som kan ha verka adekvate og velgrunna der, ikkje utan vidare er det her.

5. *Framlegget om ei generell kriminalisering av førebuing av terrorhandlingar*

Dei einskilde framlegga har òg fleire problem forbunde med seg. Løysinga med det generelle førebuingsansvaret har vore kritisert av fleire av dei underteikna tidlegare.⁵ På generelt grunnlag vil vi oppmode til at straffansvaret vert konsentrert og konkretisert omkring (førebuings)handlingar som i seg sjølv har ein avvikande eller oppsiktsvekkande karakter. At ein i eit slik generelt førebuingsansvar legg inn ei avgrensing i form av eit kriterium om "[særleg] egnet" kan i seg sjølv delvis vere eigna til å unngå dei mest prinsipielle problema med det, men det vage føreslåtte kriteriet er illustrerande for problema med slike generelle løysingar: Om ein ikkje skal kriminalisere sær sars vidt (alle former for førebuing) – eit som nemnt i seg sjølv høgst problematisk

⁴ Sjø i denne samanhengen Erling Johannes Husabø & Jørgen Aall: "Bekjempelse av terrorisme og forsvar for rettsstaten – et britisk eksempel", *Lov og Rett* (2005) s. 515–530. I ein dom av 19.02.2009 stadfesta Den europeiske menneskerettsdomstolen at reglane om internering av utanlandske terrormistenkte var i strid med EMK. For ein grundig og oppdatert gjennomgang av dei britiske anti-terror-reglane og deira forhold til menneskerettane, sjå Clive Walker: *Terrorism and the Law* (2011).

⁵ Jf. Erling Johannes Husabø, *Straffansvarets periferi* (1999) s. 378-379, Erling Johannes Husabø: *Høyringsfråsegn til Justisdepartementet avgitt 14.02.02*, Erling Johannes Husabø/Ingvild Bruce (ass.): *Fighting Terrorism through Multilevel Criminal Legislation* (2009) s. 440-440, Jørn RT Jacobsen: *Fragment til forståing av den rettsstatlege strafferetten* (2009), særleg s. 613-639 og Jørgen Aall: *Rettsstat og menneskerettigheter* (2011), s. 122 og 223.

alternativ - så vil avgrensningskriteriet *enten* sterkt ramme regelen sin effektivitet ved at kriteriet berre fangar inn nokre av det store spekteret av moglege førebuingmåtar, *eller* måtte verte utforma på eit så vagt vis at kriteriet vil utfordre legalitetsprinsippet sitt krav om presisjon i gjerningsskildringa (*lex certa*). Også frå eit bevisperspektiv er framlegget høgst problematisk: Tanken om at ein krev bevis for terrorintensjonen i tillegg til eit ”objektivt” kriterium vil i praksis lett kunne fungere slik at det å inneha eit ”[særleg] egnet” verkemiddel for terror verkar urettmessig mykje inn på bevisvurderinga av om det føreligg terrorintensjon, med auka risiko for urette domfellingar som resultat.

Denne bevisproblematikken relatert til terrorintensjon unngår ein rett nok om ein vel den fyrst skisserte og vidare løysinga der det synest tenkt vere tilstrekkeleg for å verte straffa for ei førebuingshandling at ein åleine set seg ”i besittelse av gjenstander eller informasjon som er [særleg] egnet til å bli brukt i gjennomføringen av en slik handling” (s. 11 i høyringsnotatet). I alle fall gir den påfølgjande påpeikinga om at ”[e]n annen *innstramming* kan gjøres ved å sette som vilkår at gjerningspersonen har anskaffet eller besitter gjenstanden eller informasjonen i den hensikt å begå en terrorhandling som nevnt” (kursivert av underteikna), inntrykk at ein ser for seg at ei slik hensikt kanskje ikkje er nødvendig for straffansvar. Denne løysinga er klart problematisk av andre grunnar. Om føremålet med å sette seg i rådvelde av slike gjenstandar og/eller slik informasjon ikkje er å førebu terror (handlinga er ikkje motivert av å vere eit ledd i førebuinga av ei framtidig terrorhandling) så er det ikkje tale om å førebu terror gjennom handlinga. Då er det etter vårt syn openbert ikkje rett at ein skal verte straffa for nettopp det. Og om ein vil motivere denne løysinga med det å unngå bevisutfordringa relatert til terrorintensjonen, så er løysinga både ei tvilsam omgøing av uskuldspresumsjonen og høgst problematisk i forhold til dei som vert strafferettsleg ansvarleg for å sette seg i rådvelde av gjenstandar og/eller informasjon utan å ha eit slikt førebuingføremål med handlinga.

6. *Kommentarar til framlegga om kriminalisering av ulike meir spesifikke førebuingmåtar*

Eit anna problematisk aspekt er framlegget om å kriminalisere det å vere til stades på ein stad der det vert drive terrortrening. For det fyrste er det generelt problematisk, og ikkje i tråd med vår rettstradisjon, å kriminalisere slike ”tilstandar” som det å vere ein stad:

”Det er eit generelt prinsipp i norsk strafferett at det ikkje er nok til straffansvar at ein person er til stades på ein bestemt stad. Vi har – og bør ha - fridom til å ferdast kvar vi vil, utan at staten skal kontrollere grunnane våre for det. Straffansvaret bør knytast til det vi gjer eller ikkje gjer, ikkje til kvar vi ferdast. Det har også med den tilliten vi bør ha til kvarandre som autonome og ansvarlege borgarar. Dersom ein kriminaliserer det å vera til stades på visse – ikkje heilt presist definerte - stader, utvidar ein dessutan området for hemmeleg etterforskning og overvaking kraftig, og gjer det vanskeleg for domstolane å kontrollere og setja grenser for tvangsmiddelbruken ...”⁶

I den grad ein med ei kriminalisering av det å vere til stades på ein slik stad vil ramme personar som aktivt førebur eller bidrar til andre si førebuing, så er det eit problematisk aspekt ved denne løysinga at den òg rammar andre tilstadesverande utan noko form for (anna) tilknytning til dei som driv terrortrening på den aktuelle staden. I tillegg er gjerningskriteriet – ”*er til stede på et sted hvor det bedrives opplæring*” - særst vagt. Det gjeld både leddet ”et sted” og karakteristikken av den aktuelle staden ”hvor det bedrives opplæring”.

⁶ Husabø, *Rapport til 22. juli-kommisjonen*, punkt 6 (c).

Grunngevinga for dette framlegget illustrerer dessutan tydleg dei problematiske trekka ved dette høyringsnotatet og den tilnærminga til straffelovgjeving som det synes å gje uttrykk for. Dette er særleg tilfelle for det største avsnittet midt på s. 13 i høyringsnotatet, der ein finn ei opplisting av for det meste i seg sjølv utilstrekkelege argument for kriminalisering:

- A) *”Det er vanskelig å se for seg aktverdige grunner for tilstedeværelse på et slikt sted, og et forbud vil i liten grad gripe inn i den alminnelige handlefrihet.”* Det er ikkje ein tilstrekkeleg grunn til å kriminalisere at ei handling ikkje har ”aktverdige grunner” for seg. Eit slikt prinsipp vil nærast vere det motsette av skadefølgjeprinsippet og liknande kriminaliseringsprinsipp som tradisjonelt vert løfta fram i strafferettsleg samanheng.
- B) *Kriminalisering av selve tilstedeværelsen kan dessuten ha bevismessig betydning i de tilfeller hvor den aktuelle personens rolle i opplæringen ikke lar seg bevise.”* Kriminalisering av ei handling for å bevismessig fange inn ei anna handling er heller ikkje tradisjonelt ein adekvat grunngeving for å kriminalisere. Sett på spissen er ei slik tilnærming ein måte å sette til side uskuldspresumsjonen sitt krav om bevis ut over ein rimeleg tvil.
- C) *”En kriminalisering vil også kunne innebære en klar markering fra samfunnets side om at det ikke er ønskelig at noen oppsøker steder hvor slik opplæring skjer.”* Dette vitnar om rein symbolpolitisk straffelovgjeving. Særleg i ein situasjon der alvoret med terrorhandlingar allereie er tydleg kommunisert gjennom straffelovgjevinga, er det ut frå etablerte kriminaliseringskrav ikkje eit tilstrekkeleg grunnlag for å kriminalisere at ein sender signal om at noko ikkje er ”ønskelig”.
- D) *”Et straffebud rettet mot selve tilstedeværelsen kan dessuten ha en preventiv effekt og virke holdningskæpende på personer som for eksempel vurderer å reise til utenlandske terroristreningsleire.”* Her gjer ein eit forsøk – som eit slags tilleggsargument - på å trekke fram eit typisk relevant argument, allmennprevensjonsargumentet. Men påstanden er eit ”dessuten”-tillegg og i innhald særsvakt (”kan ... ha”). Dette er forståeleg, ettersom det er lite dokumentasjon for at kriminalisering av førebuingshandlingar har særleg preventiv effekt på kva potensielle terroristar føretek seg i andre land.

Ut over desse synsmåtane vert det aktuelle behovet ”dokumentert” med eit tilfelle frå britisk rettspraksis (*«PST belyser behovet for en slik bestemmelse ved følgende eksempel fra britisk rettspraksis: «I en avgjørelse fra Court of Appeals av 4. mars 2009 ...»*). Dette er nærast eit ”godt å ha”-synspunkt. Men ei slik grunngeving kan openbert ikkje vere tilfredsstillande som grunnlag for norsk straffelovgjeving.

At ein har mange svake argument for kriminalisering gjer ikkje kriminaliseringa velgrunna. Problema som hefter ved dette framlegget gjer seg i enno større grad gjeldande for det foreslåtte medverknadsansvaret, som vil famne om ei rekkje handlingar med stor distanse til det endelege terrorhandlinga.

Går ein vidare til framlegget om å ramme det å få opplæring m.m. i å utføre terrorhandlingar er det også tale om eit vidtgåande førebuingsansvar. Det gjeld i særleg grad dersom ein inkluderer ”[o]pplæring i ferdigheter som i seg selv er lovlige ... så lenge ferdighetene er egnet til å begå terrorhandlingar” (s. 15). Eit så vidtgåande førebuingsansvar er ikkje berre problematisk i seg, men med det følgjer òg ei vag gjerningsskildring og utfordringar med tanke på bevissituasjonen. Det same gjeld i særleg grad framlegget om å ramme *”den som anskaffer, innfører, befatter seg med,*

besitter, overlater til en annen eller mot vederlag eller planmessig gjør seg kjent med informasjon som er rettet mot å iverksette en handling som nevnt i ...” (s. 20). Ut frå ordlyden i seg sjølv vil allereie det å sjå på eit område – eit byrom eller ein flyplass – verte ramma. Eventuelle presiseringar og innskrenkingar i førearbeida er her ikkje tilstrekkeleg til å unngå konflikten med det strafferettslege legalitetsprinsippet sitt presisjonskrav. Det heftar òg fleire problem her:

”Dette forslaget grip ... langt inn i yringsfridomen, som både etter grunnlova § 100 og EMK artikkel 10 også omfattar det å ta imot informasjon. Det skal svært tunge grunnar til for å kriminalisera sjølve omgangen med informasjon. Med dette forslaget vil ein dessutan opna dørene for ein vidtrekkjande kontroll frå politiet og PST si side med kva informasjon borgarane har og innhentar til ei kvar tid. Det samsvarer dårleg med dei ideala som kjenneteiknar ein demokratisk rettsstat.”⁷

Medverknadsstraffa strekkjer her òg området for det straffbare sær lang. Det er her både for den førebuande og den medverkande tale om eit sær omfattande førebuingsansvar som ikkje er å tilrå. Generelt burde samanhengen mellom førebuings-, forsøk- og medverkningsreglane slik dei eksisterer i dag og implikasjonane for dette systemet som kriminaliseringsframlegga vil ha, vore betre utgreia enn tilfelle er.

7. Kommentar til framlegg om ekstraterritorial rekkevidde av førebuingsreglane

Òg når det kjem til framlegga om ekstraterritorial rekkevidde av § 147c og dei nye reglane (sjå høyringsnotatet s. 7) kan det vert stilt spørsmål ved om dei breiare implikasjonane av framlegget eigentleg er (adekvat) vurdert. Ein vil til dømes kriminalisere all offentleg oppmoding til terrorisme som er gjort *i utlandet av utlendingar*. Sameleis vil norsk strafferett etter framlegget omfatte det at utlendingar i utlandet gjev opplæring, mottek trening eller instruksjon eller er til stades på ein stad der det blir drive terrortrening. Dette er ei svært omfattande utviding av norsk jurisdiksjon, som på grunn av reglane sin tildels upresise karakter og dei særlege bevisproblema som knyter seg til utanlandshandlingar, vil gripe langt inn mot dagleglivets handlingar i andre land.

Ei slik verdsvid kriminalisering vil også ha etterforskningsmessige utfordringar av dimensjonar. Norsk politi kan uansett ikkje drive med hemmelege tvangsmidlar i utlandet ettersom det vil krenkje andre statars suverenitet. Ønsket om å utvide norsk jurisdiksjon på denne måten synest å springe ut av ei erkjenning av at slike handlingar i stor grad vil verte utførte utanlands. Men det er samtidig med på å undergrave pretensjonen om at dei føreslåtte norske reglane vil ha ein merkbar effekt i kampen mot terrorismen.

8. Kva bør verte av framlegget?

Kvaliteten på straffelovgjeving er avgjerande både for individet si rettsstilling og for kor godt strafferettssystemet fungerer. Denne innsikta har lege til grunn for norsk strafferettslovgjeving som tradisjonelt sett såleis har halde høg kvalitet. Vi meiner at dette framlegget når det gjeld førebuingskriminaliseringa ikkje har dei kvalitetane som norsk strafferettslovgjeving tradisjonelt er forbunde med. Det er for dårlege analysar av behovet for dette framlegget og dei konsekvensane ein kan forvente seg for ytterlegare vern mot terroråtak. Det er rett nok ikkje

⁷ Husabø, *Rapport 22. juli-kommisjonen*, punkt 6 (d).

grunn til generelt å avvise (behovet for) ein kvar revisjon av norsk strafferett med tanke på førebuingsskriminalisering, og vi vil ikkje utan vidare avvise av visse delar av framlegga kan ha ein viss effekt, men nettopp kor vidt så er tilfelle burde vore betre utgreia enn tilfelle er her. Det moglege behovet for visse endringar i regelverket bør ikkje verte løyst gjennom at ein berre kastar nettet så vidt som mogleg. Det gjeld særleg når framlegga på same tid står i klar spenning til grunntankane i den norske strafferetten og til dei individuelle fridomane som i det lange løp er livsviktige for ein demokratisk rettsstat. Til dømes retten til informasjons- og kunnskapsinnhenting er ein grunnleggande føresetnad for å gjere informerte livsval, til å danne seg som samfunnsdeltakar og til å kunne kome i posisjon til å engasjere seg offentleg. Samstundes kan det verte argumentert med at informasjons- og kunnskapsinnhenting får ein stadig viktigare funksjon i eit samfunn med aukande kompleksitet og spesialisering og slik sett får større relevans frå eit strafferettsleg perspektiv når det vert tale om informasjons- og kunnskapshenting relatert til, til dømes som her, å førebu terrorhandlingar. Men nettopp når det er tale om komplekse utfordringar med referansar til og moglege implikasjonar for sentrale fridomsrettar i den demokratiske rettsstaten så er det grunnleggande viktig at spørsmåla verte betre utgreia enn tilfelle er for dette framlegget frå departementet.

Oppsummeringsvis kan ein slik seie at både for- og motargumenta er for svakt utgreia. Det er uheldig. Det er ei kjend sak at straffereglar er lette å få på plass, men veldig vanskelege å ta vekk igjen - i tillegg til at eksisterande reglar ikkje sjeldan vert nytta til å legitimere innføringa av ytterlegare reglar. Dei føreslåtte løysingane kan såleis ha varig negativ verknad på arbeidet med å tilpasse strafferetten på ein prinsipiell og verknadsfull måte til eit samfunn i endring og dermed òg innebere eit alvorleg legitimitetstap for strafferetten. Ein må kunne forvente at Justisdepartementet, som fagorgan på området, utgreier desse spørsmåla på eit langt grundigare måte og med større distanse til framlegget frå PST. Lovgivar treng eit breiare perspektiv der framlegga blir sett i lys av det norske strafferettssystemet sin karakter. Spørsmålet om moglege effektar av reglane på strafferettssystemet sjølv og på den framtidige førekomsten av terrorhandlingar bør då stå sentralt. Vi vil difor tilrå at lovframlegget blir lagt til sides, inntil det eventuelt blir gjort ei grundigare utgreiing av behovet for reglar og moglege effektar og biverknader av straffereglane og den politimesige og straffeprosessuelle handhevinga av desse.

Førsteamanuensis Bjørnar Borvik

Førsteamanuensis Linda Gröning

Professor Erling Johannes Husabø

Professor Jørn Jacobsen

Professor Henry John Mæland

Førsteamanuensis Ørnulf Øyen

Professor Jørgen Aall

Professor Ragna Aarli

Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen
Bergen, 31.10.12